



Til valda

**Vår ref:**  
22/7355 - - BHM

**Dykkar ref.**

**Dato:**  
15.06.2022


### Infoskriv vilt nr 1 2022

Vi er nå inne i en ny planperiode der målet er å ha mindre tal hjort i kommunen. Det blir difor tildelt meir hjort i år. Samtidig ønsker vi å auke kvaliteten på kollene som går igjen etter jakta. Vi oppmodar til å felle dei minste kollene som kjem på post eller bø.

I 2021 var det ny fellingsrekord i kommunen. Vi felte 29 hjort meir enn 2020, men uttaket av koller auka kun med 25 stk. Så vi reknar med at kalveproduksjonen er høgare i år enn i 2021 pga. auka gjennomsnittsalder hos kollene. Det er stipulert at det blir født ca. 1300 - 1500 kalv i kommunen i år.

Kommunen har også i år fjerna fellingsavgift på kalv, for å stimulere til ytterlegare auka kalveskyting. Kalv er den årsklassen det er mest av. Det er svært viktig å felle kalvar pga. dei er relativ små. Låge vekter gjer at dyra er meir utsette for vinterdød enn dyr med høg vekt. Av dyrevelferdsmessige grunnar oppmodar Bremanger kommune til å felle flest mogleg kalv.

Det er eit forvaltningsmål å auke andel bukk i kommunen. Sett kolle per bukk skal ikkje vere høgare enn 1,2. Dette talet auka frå 1,25 i 2019 til 1,52 i 2021. Det må difor fellast noko færre bukk i år. Samtidig oppmodar vi valda til å aukar fellinga av koller for å nå målet.



Grafen viser sett hjort i Bremanger kommune. Jegeren ser vesentleg meir kolle enn bukk under jakta.

## Felling av bukk i 2021, for vald med og utan bestandsplan.

Bestandsplanområde vald med bestandsplan	Teljande areal	Felte bukk 2021	Dekar bak pr felte bukk i 2021
Ålfoten & Isane	50 000	16	3 125
Bestandsplanområde 12	116 780	37	3 156
Bremangerlandet	130 810	32	4 088
Hornelen	80 930	13	6 225
<b>Vald utan bestandsplan</b>	<b>185 564</b>	<b>23</b>	<b>8 068</b>
<b>Bremanger kommune</b>	<b>564 084</b>	<b>121</b>	<b>4 662</b>

Tabellen viser felte bukk i 2021 og areal i dekar bak pr. felte bukk for vald med og utan bestandsplan. Ålfoten & Isane bestandsplanområde har et høgare uttak av bukk ( 3 125 dekar) enn Bestandsplanområde 12 (3 156 dekar), Bremangerlandet bestandsplanområde (4088 dekar) og Hornelen bestandsplanområde (6 225 dekar). Det er vald utan bestandsplan som feller minst bukk (8 068 dekar bak pr. felte bukk).

Vi minner vald med bestandsplan om:

- Forvaltningsmål for hjortebestanden i Bremanger kommune 2021 – 2024
- Forvaltaransvaret grunneigarane har.
- Forpliktelse grunneigarane har til å drive bærekraftig forvaltning.
- Dyrevelferd er dyrets mulighet til å utøve artsspesifikk, naturlig afferd og utfolde sitt biologiske potensial.

## NOU 2004: 28 Lov om bevaring av natur, landskap og biologisk mangfold (Naturmangfoldloven)

Side 152

### 9.2.2.4 Hvem retter prinsippene seg mot

I den nasjonale strategien understrekkes også den enkeltes ansvar for å bidra til en bærekraftig utvikling (se foran under 9.2.2.2). Ansvar for den enkelte understrekkes f.eks. også i St.meld. nr. 17 (1998–99) (skogmeldingen) kap. 1.1 (s. 9), der det heter:

"Ansvaret for å forvalte naturressursene – og det spekteret av verdier de representerer – hviler både på samfunnet og på enkeltmennesker. Ikke minst er det viktig at **de som eier og råder over ressursene ivaretar sitt forvalteransvar** – det hviler en forpliktelse på den som eier til også å drive bærekraftig forvaltning.

## Ot.prp. nr. 52

### Om lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven)

Side 76

#### 8.2.6.2 Hvilken type bestemmelser bør lovkap. II inneholde

Departementet mener at alminnelige mål og prinsipper for bærekraftig bruk bør ivareta følgende hensyn:

- At bærekraftig bruk må skje gjennom felles innsats av både myndighetene og innbyggerne
- Rettferdighetshensyn, **både mellom de som lever i dag og mellom nåværende og fremtidige generasjoner.**
- Rettferdighetshensyn innebærer også en rimelig fordeling av ev. byrder ved å ta vare på viktige naturverdier som andre drar nytte av, og av kostnader knyttet til naturødeleggelsjer

Dyrevelferdslova:

Dyrevelferdslovas kommentarutgave

*Forvaltning av dyr skal skje med respekt for dyret sin eigenart. Dyrevelferd er m.a. å sjå på moglegheita hjorten har til å utøvd artsspesifikk, naturleg åtferd og utfolde det biologiske potensialet sitt. Når dyrevelferd skal vurderast for ei gruppe dyr, må det rettast spesiell merksemd mot «taparane», dei individua som kjem därlegast ut.*

Ot.prp. nr. 15 2008–2009 Om lov om dyrevelferd

Står det side 93:

*Til § 2 Virkeområde*

*Loven gjelder alle forhold som påvirker velferd hos og respekt for slike dyr. Med forhold som påvirker velferd og respekt menes alle handlinger og aktiviteter, herunder unnlatelser som har betydning for dyrs velferd eller respekten for dyr.*

*Til § 3 Generelt om behandling av dyr*

*Uavhengig av de pliktene en dyreholder har, har enhver plikt til å opptre forsvarlig slik at dyr ikke utsettes for unødige påkjenninger og belastninger. Dette gjelder både overfor dyr som har en eier og villevende dyr.*

*I vurderingen av om en påkjenning eller belastning er unødig, må det legges vekt på disses karakter og omfang, om de er påført av mennesker, hva som er formålet med å utsette dyr for dette og om handlingen er allment akseptert.*

**Bremanger kommune oppmodar vald med bestandsplan til å akseptere hjortens moglegheit til å utøve artsspesifikk, naturleg åtferd og utfalde sitt biologiske potensiale.**

**Videre utfordrar kommunen vald med bestandsplan til å felle færre bukkar av rettferdigheitsomsyn slik at vald utan bestandsplan kan felle større andel av hjortebukkane i forhold til sitt teljande areal.**

## Webinar Skogkurs, 21.09.2021

Erling L. Meisingset  
Norsk Institutt for Bioøkonomi

### **Viktigheten med store hanndyr i hjorteviltbestandene våre**

#### **Hvorfor bør vi ha voksne hanndyr?**

– Voksne hanndyr spiller ei svært viktig rolle i brunsten som eksempel slossing, brøling, jaging og kurtisering av hodyr.

– Nærvarer av voksne hanndyr fører til framskynding og synkronisering av hodyra sitt brunsttidspunkt

– Flere og eldre hanndyr fører til tidligere og mer synkront fødselstidspunkt  
– Hanndyras alder og fenotypiske kvalitet/størrelse er vist å påvirke kjønnssammensetningen hos avkommet. Flere og eldre hanndyr og større hanndyr fører til en større prosentdel fødte hannkalver.

– Tilsvarende har sein befruktning eller dårlig kondisjon hos mødrene vist seg å gi flere hodyrvokom.

– Få og unge hanndyr i bestanden kan føre til at spesielt yngre hodyr ikke blir bedekket

– Genetisk variasjon/drift blir lavere med færre hanndyr i bestanden som gjør bestandene mer sårbare på sikt pga lavere effektiv bestandsstørrelse.

### **Seniorforskar ved NINA Vebjørn Veiberg skriv i Overvåningsprogrammet for hjortevilt:**

Et generelt mønster er at når hjortebestandene innen et område øker, medfører dette økt konkurranse om beiteressursene. Dette gir dårligere vekstbetingelser og over tid lavere kroppsvekter, redusert kalveproduksjon og redusert bestandstilvekst.

Reduserte vekter hos de yngste aldersklassene forplanter seg videre til de eldre aldersklassene. Bukkenes gevirproduksjon er et resultat av mange forhold der både genetiske disposisjoner, næringstilgang og kroppsstørrelse spiller inn. Generelt har store dyr større gevir enn små dyr. Når hjortens gjennomsnittsvekter synker vil dette derfor resultere i gjennomgående mindre gevir. Som en konsekvens av dette har vi observert at en stadig økende andel av de toårige bukkene bare utvikler enkle gevirstenger. De fremstår derfor som klassiske 'spissbukker', eller ettårige bukker.

Av informasjon som samles inn fra felte dyr, er vekt, kjønn og alder de primære opplysningene. Dyras vekt reflekterer både vekstbetingelser, sannsynlighet for overlevelse og reproduktive egenskaper. Høye vekter illustrerer bedre betingelser enn lave vekter. De tydeligste signalene på endringer i vekstbetingelser fanges opp hos kalver og ettåringer.

Jaktår	Hannkalv	Hunnkalv	Bukk 1 ½ år	Kolle 1 ½ år
2015	23,99	22,77	44,30	41,74
2016	23,54	22,49	44,66	40,98
2017	23,70	22,01	44,40	39,06
2018	22,63	21,09	42,41	37,67
2019	23,20	22,29	41,82	38,46
2020	22,43	21,65	41,91	37,75
2021	22,87	21,17	41,81	37,22

Tabellen viser gjennomsnittsvekt på kalvar og 1 ½ åringar i Bremanger kommune.

### Felte hjort i Bremanger kommune

I hjortejakta 2021 blei det felt 990 hjort i Bremanger kommune. Vi feller mykje kalv i kommunen, og det er svært bra. I 2021 blei det ny rekord med 387 felte kalvar. Jegrane i kommunen har jamt over gjort ein god innsats for å auke kalveskytinga dei seinare åra, og kommunen oppmodar om at ein held fram det gode arbeidet for å på sikt få auka gjennomsnittsalderen og slaktevektene i hjortebestanden i området.

År	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Tildelt totalt	854	828	794	792	866	1051	1529	1551	1607
Hannkalv	99	92	99	138	139	168	172	180	208
Ho kalv	71	79	101	120	111	153	162	163	179
Spissbukk	101	105	99	141	118	122	124	141	131
Hodyr 1 ½ år	101	83	58	46	95	104	109	118	122
Bukk gjennomsnittsalder 4 år	142	128	94	91	138	162	105	155	121
Kolle gjennomsnittsalder 5 år	136	129	129	107	143	173	199	204	229
<b>Felt totalt</b>	<b>650</b>	<b>616</b>	<b>580</b>	<b>643</b>	<b>744</b>	<b>882</b>	<b>871</b>	<b>961</b>	<b>990</b>

I 2021 var det ny fellingsrekord av hjort i kommunen. Vi felte 29 hjort meir enn 2021 og vi hadde ei auke på 44 ho- og hannkalvar, 25 kolle, 4 hodyr 1 ½ år og ein nedgang 10 spissbukk og 34 bukk.

I forvaltningsmåla for 2021-2024 var det eit delmål å auke andel hanndyr i bestanden, og at sett kolle per bukk ikkje burde vere høgare enn 1,2

2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
1,64	1,44	1,51	1,65	1,25	1,46	1,52

Sett kolle pr. bukk er 1,25 i 2019. Andel bukk minkar i 2020 og 2021 i heile kommunen pga. at vi felte for mange bukk og for få koller.

Det var også eit delmål å stabilisere hjortebestanden i kommunen, og at sett hjort per jegerdagsverk ikkje burde vere høgare enn 1,5.

2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
1,67	2,01	2,18	2,57	2,98	2,65	2,67

Vi klarte ikkje å nå delmålet om Sett hjort per jegerdag på 1,5 i kommunen. Det kan sjå ut som bestanden har auka det siste året, men pga nye reglar for sett-hjort er det vanskeleg å vurdere dette nå.

Foto: Narve Botnen



Unge bukker 2 til 4 år

Foto: Per Gulestøl



Mellomaldrene bukkar 5 til 9 år

Foto: Viggo Igland




Gamle bukkar minst 10 år

Bildet over viser ein tredeling i forhold til bukken sin økologiske funksjon. Når dei gamle bukkane og dei mest utvikla mellomaldrane bukkane parar kollene er det meir sannsynleg at kalven blir stor.

Forvaltning av dyr skal skje med respekt for dyret sin eigenart. Dyrevelferd er m.a. å sjå på moglegheita hjorten har til å utøvd artsspesifikk, naturleg åtferd og utfolde det biologiske potensialet sitt.

Bildet over viser ein gamle bukken på minst 10 år den har hatt moglegheit til å utøvd artsspesifikk, naturleg åtferd og utfolde sitt biologiske potensiale.

### Prosent andel av 2762 felte bukkar 2 år og eldre i Bremanger kommune



Grafen viser at det fellast mindre ung bukk 2 – 4 år nå enn tidlegare. Men det har vert ein auka felling av mellomaldrene bukkar 5 – 9 år. Det har og vert ein auka felling gammal bukk 10 år og eldre i perioden.

For nærmere spørsmål kontakt Bjørn H. Marthinussen på tlf 95 98 29 61.

Helsing

Tom Joensen  
Kommunedirektør

Bjørn Henry Marthinussen  
Konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*